

Referat frå styremøte 2021/6 i Norsk folkemusikklag

Møte på Teams onsdag 9. juni kl. 09.00–11.00

Til stades: Tom Willy Rustad, Andrea Kasbo Rygh, Borghild Hardang-Hanto (vara) og Sveinung Søyland Moen (referent)

Sak 40/21 Korte meldingar

a. Rapportering til Kulturrådet og Brønnøysundregistrene

NFL skal kvart år rapportera til Kulturrådet om bruk av driftsstøtta frå føregåande år. Sveinung informerte om at rapport for 2020 vart sendt til Kulturrådet innan fristen 1. juni. I tillegg er det sendt inn samordna registermelding til Brønnøysundregistrene. Lista over styret er oppdatert med ny styremedlem, og kontaktinformasjonen til NFL er oppdatert med e-postadressa til laget. Det vil likevel truleg ta noko tid før dette er oppdatert i det offentlege registeret.

b. Forsøk med digital opplæring i dans

Borghild informerte om at ho og Kristian Hanto arbeider med eit pilotprosjekt med digital undervising i folkedans frå Telemark, med samarbeidspartnarar i USA. Lars Erik Øygarden er med som spelemann.

Sak 41/21 Seminaret 2021

Tom Willy vidareformidla frå Per Åsmund Omholt at programmet er klart med unntak av erstattingar for Anne Hytta. Tom Willy følgjer opp frå styret. Om mogleg vil styret gjerne ha programmet klart før fellesferien, slik at me kan få oppdatert programmet på nettet og driva litt meir målretta marknadsføring av dette.

Det må òg avklarast om Ungt Forskerforum for Folkemusikk og Dans skal ha samling i starten av seminaret, ettersom det per no er ein offisiell del av programmet. Andrea følgjer opp og prøver å få ei avklaring frå UFFD før sommaren.

Sak 42/21 Seminaret 2022

Tom Willy og Sveinung rapporterte frå møte med Valdres Folkemusikkarrangement representert ved Knut Aastad Bråten, og Valdresmusea representert ved Ole Aastad Bråten. Dei vil gjerne samarbeida med NFL om eit større nasjonalt (gjerne internasjonalt) folkemusikk- og/eller folkedansseminar i 2022, og stiller gjerne med lokale og praktisk tilrettelegging hos Valdres Folkemuseum på Fagernes. Det vart diskutert ulike aktuelle tema i dette møtet, men konklusjonen vart at alle burde henta innspel frå sine styre før ein kalla inn til eit nytt felles møte til hausten. Det vil vera positivt om det då kan fastsetjast tidspunkt og tema for seminaret. Det ligg eit laust forslag på bordet om å arrangera seminaret i oktober 2022.

Frå styret sin diskusjon:

- Kunne me funne eit spanande dansetema? Er lenge sidan me har hatt dans som eit hovudtema for seminaret. Kan mogleg vera ei oppfølging av årets seminar om deltakarkultur? Vekt på det aktive publikummet (folkemusikkmiljøet har eit svært kyndig publikum)?
- Kunne det vore aktuelt å prøva å ha seminaret i ei helg? Er ikkje alle som kan ta seg fri midt i veka. Kanskje byrja på ein fredag, og ha føredrag både fredag og laurdag, med heimreise på sundag?

Tom Willy tar kontakt med Knut og Ole om tidspunkt for felles møte til hausten, med tanke på å kunna spikra seminartema og -tidspunkt før aktuelle søknadsfristar.

Sak 43/21 Saker til heimesida og Facebooksida

Sveinung informerte om oppdateringar av nettstadene til laget:

- Wikipediasidene til skriftet er oppdatert med 2020-artiklane.
- Nettsidene er oppdaterte med styret 2020–2021.
- Under fana Musikk og tradisjon er det lagt inn lenker til alle digitale utgåver av MoT, anten frå Novus sine nettsider eller frå Nasjonalbiblioteket. Resten vil koma på plass etter kvart som NB opnar tilgangen til resten av utgåvene, noko dei har fått løyve til av laget. NB har òg lova å gjera alle utgåvene nedlastbare som pdf.
- Under "aktuelt" er det lagt inn høve til å henta opp eldre saker frå nyhendearkivet. Det er òg mogleg å søka etter desse sakene via søkefunksjonen på nettstaden.

Styret løfta vidare fram nokre aktuelle saker til publisering på nettsidene og Facebook i sommar:

- Programmet for seminaret bør publisrast så snart det er klart, både på nettsidene og Facebook. Dette bør helst gjerast før fellesferien.
- Kan gjerne reklamerast litt for MoT gjennom ein Facebook-sak om tilgang til digitaliserte utgåver. Så kan det seinare lagast ei oppdatering når alt er på plass.

Sak 44/21 Neste styremøte

Neste styremøte tysdag 17. august kl. 19.00–21.00.

Legg òg opp til ei fysisk samling for styret i samband med seminaret på Rauland, onsdag 15. september kl. 18.00, fram mot konserten kl. 20.00.

Sak 45/21 Musikk og tradisjon

Ettersom redaktøren måtte melda forfall til møtet, diskuterte styret berre kort nokre aktuelle problemstillingar knytt til enkelte delar av innhaldet. Spørsmåla

vil avklarast endeleg på e-post fram mot sommaren, eventuelt i eige redaksjonsmøte ved behov.